

Årsmelding for Kvinnherad eldreråd - 2023.

Eldrerådet:

Vidar Ask, leiar

Grethe Brundtland, nestleiar

Randi Knutsen

Magne Huglen

Irene Nielsen-Sjo (pol. repr.)

Personlege vararepr.:

Hildur Øvsthus

Øyvind Skogseth

Sverre Vevelstad

Møyfrid Kristoffersen

Astrid Haugse

Utvalsekretær: Kari Synnøve Fisketjøn Tveit

Møter:

Dato, stad:	Orienteringar:	Handsama saker:
23.01.23 Formannskapssal	Eldrerådet vart invitert av Rosendal helselag til møte om tannhelsesituasjonen i Rosendal. Sektorleiar Åslaug Brænde orienterte om status i Sektor Omsorg, Helse og Sosial, sjå power point. Spesialsjukepleiar Evelyn Mehl Willumsen orienterte om arbeidet til Hukommelsesteamet, sjå power point.	Årsmelding 2022 og Handlingsplan 2023 vart godkjende. Begge ligg på kommunen si heimeside. Eldrerådet ønskjer informasjon om kommunen sine rutinar ved tildeling av omsorgsbustadar.
13.02.23 Prosjektavdeling	Orientering om Bestillingsrapport/Hent meg ved Peder Sjo Slettebø Eldrerådet si behandling i møte den 13.02.2023. Kvinnherad kommune har kontakt Skyss for å laga eit opplegg rundt bestillingstransport/hent meg. Husnes - Sunde - Valen og Halsnøy er tenkt i prøveperioden.	Eldreråd positiv. Bør utvidast til fleire bygder. Eldrerådet sitt brev til kommunen av 22.10.21 om kartlegging av behov for mat og middagsombering til heimebuande eldre. Bufellsskap: Det er viktig at friske eldre får tilbod om bufellsskap for å få ein trygg og god alderdom. Eldrerådet støttar uttalen frå fleire lag og organisasjonar om vidareføring av Tannklinikken i Rosendal.
20.03.23 Kommunestyresal	Ordførar Hilde Enstad orienterte om samarbeidsmodellar i eldreråd og om status på Tannhelsetenesta: Ordføraren føreslår at Eldrerådet saman med politisk leiing kan henvenda seg til Fylkeskommunen saman. Eldrerådet bør purra på fylkespolitikarane og snakka om vidare strategi saman. Einingsleiar Sigurd Næss orienterte frå sektoren; *ferievikarar i sektoren, *Rus og psykiatri: • legeplan • Ernæring og Individuelle ernæringsplanar . Prosjektleiar/rådgjevar Cecilie Torilldatter Fredheim orienterte om prosjektet "Kompetanse og utvikling i ei ny digital helse- og omsorgsteneste"	Eldrerådet har etterlyst ei ordning for middagsombering. Dei ønskjer at behovet skal kartleggjast. Leiar Frivilligsentralen, Veronica T Thorsen, orienterte om erfaringar med bruk av frivillige i samband med middagsombering. Peder Sjo Slettebø ved sektor Samfunnsutvikling orienterte om Klimabudsjett og klimarekneskap frå 2024. Han ønskjer innspel frå m.a. råda og har utarbeidd eit spørjeskjema. Dette skjemaet vil Eldrerådet arbeida vidare med på neste møte, 24.4.23. Samarbeidsavtalen med Syns- og Audiopedagogisk teneste i Vestland (SAPT) vert vedteken slik den ligg føre i saka og gjeldande frå 01.10.23.

		Eldrerådet kan vera med å promotera valet saman med Ungdomsrådet.
24.04.23 Husnestunet	Omvising og orientering på Halsnøytunet av einingsleiar Anne Tangen Rørdal: Ho informerte om komande endringar på institusjonane. Fordi ein over noko tid har hatt 25 ledige sengeplassar, vil 10 sengeplassar på Halsnøytunet bli overførte til Rosendalstunet. 2 av desse 10 vil bli tatt frå 2 bueingar, som då vil bli frigjevne til nye leietakarar	Leiar av rådet var kontakta av foreninga Optimisten. Denne har i fleire år arbeida for bebuarane på Halsnøytunet og for eldre på Halsnøy.. Kristin Tofte og Reidun Fjelland Ludvigsen møtte rådet og orienterte. Leiar tar saka opp med ordførar og lagar utkast til brev til kommunestyret. Etter drøfting av innspel vert det vedteke endeleg førespurnad til kommunestyret.
30.05.23 Kommunestyresal	Orienteringar: • Informasjon om revisjon av tiltaksdelen av kommunedelplan Omsorg helse og sosial v/rådgjevar Mona Enes. • Orientering om bustadplanlegging med vekt på eldre sine behov, ved plansjef Rune Helland. Han gjekk gjennom PP informasjon om korleis kommunen planlegg og lagar reguleringsplanar ved bustadbygging i samsvar med Kommuneplan	Søknad om institusjonskoordinator og samfunnskontakt - vegen vidare Leiar samordnar dei to breva som er sendt ordførar Hilde Enstad og sender brevet til postmottak og avisene. Eldrerådssamling i Etne torsdag 22. juni. Frå Kvinnherad reiser Grethe Brundtland, Randi Knutsen, Magne Huglen og Irene Nielsen-Sjo. Framlegget om kommunen sitt klimagassutslepp frå Vidar Ask vart godkjent og han sender det til kommunedirektøren
02.06.23 Etne kommune.	Informasjon og orientering ved ordførar i Etne og leiar i Eldrerådet der.	Årvis samling av eldreråda i Sunnhordland med Austevoll.
21.08.23 Kommunestyresal	Sektorleiar Omsorg, helse og sosial, Åslog Brände, orienterte frå sektoren. Ho oppmoda om at Eldrerådet sender representantar til konferansen i Bergen 4.-5. oktober med tema "Leve heile livet og Bu trygt heime". Påmeldingsfrist 4.9.23. Sektorleiar orienterte om organisering av dei 3 institusjonsplassene og ei teneste.	Brev om Institusjonskoordinator og samfunnskontakt er sendt kommunestyret. - Eldrerådet etterlyste eldreombudet sin rolle og stilling. Avdelingsleiar for Vurdering og koordinerande eining, Ingegjerd Meltzer Tufte, orienterte om at kommunen har "ei dør inn" via hennar avdeling. Høyring: Detaljregulering Pollen og frå landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2023.
26.27.28.09.23	Eldrerådet deltok på Open dag på dei 3 sjukeheimane. Nestleiar på alle tre og leiar deltok på Rosendalstunet.	Årsmelding, Handklingsplan og infobrosjyre vart lagt på stand.
16.10.23, Prosjektavd. 1.etg.	Open dag på sjukeheimane 26. - 28.9.23 Erfaring og tilbakemelding. Tilbakemelding frå konferansen i Bergen 4.-5. oktober. Stm 15: Leve hele livet og Stm 24: Bu trygt heime og aktiviteter og fellesskap. Mat til heimebuande eldre, status og eventuelt ein veg vidare	Eldrerådet tykkjer dette var eit positivt arrangement som vi gjerne ser at kommunen tek opp igjen seinare. Frå Eldrerådet reiste Vidar Ask og Grethe Brundtland til denne konferansen. Eldrerådet sakna deltaking frå Planavdelinga og Byggesak på konferansen. • Hent-meg-ordning i Kvinnherad blir innført som eit prøveprosjekt med oppstart november 2023.

		<ul style="list-style-type: none"> • Eldrerådet i Bergen orienterte om at dei jamnleg har "open halvtime" på saklista si der innbyggjarane kunne ta opp ting som gjaldt eldre. • Eldrerådet vil tilrå nytt Eldreråd for perioden 2023-2027 å vurdere "open halvtime" på møta sine. <p>Eldrerådet ba om kartlegging av matombering for heimebuande eldre i 2021. Måndag 16.10.23 skal Eldrerådet arrangera møte på Gjøa.</p> <p>Pårørandeutval: Rosendalstunet har oppretta pårørandeutval med positivt resultat. Eldrerådet oppmodar Husnestunet og Halsnøytunet til å ta dette opp igjen.</p> <p>Kommunevalet i 23: Etter oppfordring frå Eldrerådet går kommunestyret inn for numerisk varamannsliste.</p>
27.11.23 Formannskapssal	<p>Informasjon og drøfting av budsjettframlegget for 2024. Kommunedirektør Leif Ove Mikkelsen orienterte og svara på spørsmål saman med Helge Gunnar Flatland frå Økonomi. Råda kom med innspel. Til sektorleiar Åslaug Brænde kom Eldrerådet med 2 saker dei ikkje kan finna i budsjettframlegget for 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Frivilligkoordinator • Kreftkoordinator i 100% stilling. <p>Sektorleiar Omsorg, helse og sosial, Åslaug Brænde orienterte. Det kom forslag om at det kan vera eit pårørandeutval for alle 3 institusjonane. Eldrerådet meiner også at heimehjelpa bør kunna hjelpe til med kven som ynskjer heimkjørt middag frå Gjøa.</p>	<p>Informasjon frå Skyss om "Bestillingstransport": Roy Gunnar Blommedal og Eivind Dahle frå Skyss orienterte om "Bestillingstransport". Det kan bli testperiode i mars 2024. Kan ordninga vere del av eit opplegg for eldre som vil ete middag på restaurant Gjøa i Rosendal eller på Husnestunet? Hente/bringe Prosjekt med middag frå Gjøa til heimebuande eldre, status og veien vidare.</p> <p>Grethe Brundtland og Vidar Ask refererte frå eit møte på Gjøa. Gjøa kan laga middag til fast pris. Eldrerådet vil invitere til eit nytt møte der ein lagar prosjektbeskrivelse som ein kan presentere i avisene. Treng frivillige til å kjøra ut maten.</p>

Møtedeltaking og representasjon:

02.06.06: Grethe, Randi og Irene deltok på den årlege samlinga av eldreråd i Sunnhordland på Etne.

04. – 05.10.23: Vidar og Grethe deltok på konferanse om Leve heile livet, Fellesskap og meistring - Bu trygt heime og Demensplan .

Oppsummering:

Det er avvikla 9 møter i meldingsåret og handsama til saman 49 saker.

30.11.23: Kommunestyret valde nytt eldreråd som hadde sitt konstituerande møte i desember.

For Kvinnherad Eldreråd (2019 – 2023)

Vidar Ask (leiar)